

Til: Hordaland fylkeskommune
Bergen kommune
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Innkalling til ekstraordinær generalforsamling i Nordhordlandspakken AS

Tid: Torsdag 4. oktober 2018 kl. 15:00

Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Kvassnesvegen 23, Knarvik.

Viser til Generalforsamling i Nordhordlandspakken tysdag 26. juni 2018, og til sak 11 Val av avviklingsstyre.

Ved en feil har Hordaland fylkeskommune sin representant i Nordhordlandspakken AS sitt avviklingsstyre ikkje hatt heimel til å tre inn som medlem på vegne av fylkeskommunen. Bakgrunn for det er vedtak fatta i PS 10/18 av Fylkesutvalet 01.02.2018 der fylkesrådmannen er gitt denne fullmakta, og såleis er den som kan representera Hordaland fylkeskommune i Nordhordlandspakken AS sitt avviklingsstyre.

Hordaland fylkeskommune har derfor bedt om ekstraordinær generalforsamling for å setja ned eit nytt avviklingsstyre. Vedlagt kopi av skriv frå Hordaland fylkeskommune.

Det vert hermed kalla inn til ekstraordinær generalforsamling torsdag 4. oktober 2018 kl. 15:00.

Saker til handsaming.

1. Godkjenning av aksjar og fullmakter
2. Godkjenning av innkalling og sakliste til ekstraordinær generalforsamling
3. Val av møteleiar
4. Val av deltakarar til å underskrive protokoll frå møtet
5. Val av avviklingsstyre til Nordhordlandspakken AS

Sidan dette kun gjeld ei formell endring av samansetjinga i avviklingsstyret, vert det foreslått at aksjonærane sender fullmakt til styreleiar, jon.askeland@radoy.kommune.no

Vedlegg:

- Kopi av Hordaland fylkeskommune sitt skriv «Endring av styremedlem i avviklingsstyret i Nordhordlandspakken AS»

Knarvik, fredag 25. september 2018
Jon Askeland (sign)
Styreleiar Nordhordlandspakken AS

Framlegg til vedtak:

Ekstraordinær generalforsamling torsdag 4. oktober 2018 kl. 15:00

Saksnr.	Sak
13/18	Godkjenning av aksjar og fullmaktar Framlegg til vedtak: Generalforsamlinga godkjenner dei framlagte fullmaktene. Av selskapet sin aksjekapital er x % av aksjane representert.
14/18	Godkjenning av innkallinga til ekstraordinær generalforsamling. Framlegg til vedtak: Generalforsamlinga godkjenner innkallinga.
15/18	Val av møteleiar. Framlegg til vedtak: x vart valt til møteleiar.
16/18	Val av deltakarar til å underskrive protokoll frå møtet. Framlegg til vedtak: I tillegg til møteleiar vart x valt til å skriva under protokoll.
17/18	Val av avviklingsstyre Framlegg til vedtak: Generalforsamlinga vel samrøystes Jon Askeland, May Eva Sandvik og Ingrid Kristine Holm Svendsen til avviklingsstyre. Honorar vert sett til kr x for leiar og kr x for medlem